



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## PROTOKOLL ASKVOLL SOKNERÅD

Møtested: ASKVOLL Møterom kyrkjekontoret	Dato: 19.03.2014	Tid: 15:15
--	------------------	------------

### Frammøtte:

Ole Andreas Myrstad	Leiar
Jostein Vidar Takle	Medlem
Kari Berit Ness	Medlem
Åge Guddal	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Jorunn Ringstad	Medlem
Linda Karin Solheim	Medlem
Oddvar Reidar Indrebø	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Else Stølen	Varamedlem

### Forfall:

Anne Grethe Lien	Nestleiar
Reidun Melvær Norheim	Medlem
Inger Lise Saltskår	Medlem

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

### SAKSLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	§	Sakstittel	Sakshandsamar
Saksnr: SR 2014/16		Godkjenning av innkalling til dagsorden	RZ
Saksnr: SR 2014/17		Godkjenning av protokoll frå møte 27.02.2014	RZ
Saksnr: SR 2014/18		Skriv og meldingar	RZ
Saksnr: FR 2014/19		Askvoll kyrkje - brudestolar	RZ
Saksnr: FR 2014/20		Interiørendringar Holmedal kyrkje	RZ
Saksnr: FR 2014/21		Vedlikehalds- og utviklingsplan	RZ
Saksnr: FR 2014/22		Årsrekneskap og årsmelding 2013	RZ
Saksnr: SR 2014/23		Retningslinjer for Askvoll sokn sin Facebookprofil	RZ

Askvoll, 29.03.2014

Rune Ziener  
Ref.

## SAKSFRAMLEGG

### Saknr: SR 2014/16 - Godkjenning av innkalling til dagsorden

#### INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik det ligg føre.

#### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik det ligg føre.

## SAKSFRAMLEGG

### Saknr: SR 2014/17 - Godkjenning av protokoll frå møte 27.02.2014

#### INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 27.04.2014.

#### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 27.04.2014.

## SAKSFRAMLEGG

### Saknr: SR 2014/18 - Skriv og meldingar

#### UTGREIING

Skriv og meldingar:

M13/2014 Askvoll kommune: *Askvoll kyrkje - rehabilitering - svar på søknad om auka finansiering* (25.02.2014).

M 14/2014 Jubileumsnemnda: *Referat* ( 11.03.2014).

M 15/2014 Kryss Revisjon: *Revisjonsmelding 2013 - Askvoll sokn* (06.03.2014)

M 16/2014 Drøftingssak gudstenestestruktur. I samband med drøftinga vart det vedteke å framskynde soknemøtet 18.mai til kl 13.00.

M 17/2014 Kyrkjelydsutvalet for Bulandet: *Møtereferat* (13.03.2014)

#### INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

#### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

## SAKSFRAMLEGG

### Saknr: FR 2014/19 - Askvoll kyrkje - brudestolar

#### UTGREIING

Etter handsaminga av sak FR 2014/9, viser det seg at dei serieproduserte brudestolane ein vedtok å søkje om godkjenning på til Askvoll kyrkje, ikkje kan verte levert i ønska tresort.

Interiørarkitekten A. Søreide har komme med eit alternativt forslag til stolar: Aksel Hansson Jærstol.

Søreide tilrår at ein får desse levert i samme gråfarge som er på takbjelkene i kyrkja, og at setet vert trekt i Amdal-stoff i litt lysere farge enn trekket på stolane i skipet.

**INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA**

1. Askvoll sokneråd ønskjer å ta i bruk Aksel Hansson Jærstol i grå farge med grått Amdal stoff som brudestolar til Askvoll kyrkje.
2. Søknad om godkjenning vert sendt Bjørgvin biskop.

**HANDSAMING I MØTET**

Ein ønska ikkje å gå for forslaget som låg føre, men heller sjå på andre alternativ, eller pusse opp eksisterande brudestolar.

**SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Ein arbeider vidare med å finne alternative brudestolar.

**SAKSFRAMLEGG****Saksnr: FR 2014/20 - Interiørendringar Holmedal kyrkje****UTGREIING**

Kyrkjelydsutvalet i Holmedal har teke initiativ til interiørendringar i Holmedal kyrkje, mellom anna basert på uttale frå tidlegare kyrkjekonsulent Arne Sæther frå 2007.

Det Sæther tilrår at dei to korte benkene fremst og to benkerader heil framme, og tre benker på kvar side under galleriet fjerna, og at det vert etablert ein barnekrok under galleri med salmeboktralle på hjul. På motsett side bør lysgloben plasserast, og det bør byggast inn ei trapp frå galleriet og ned i skipet, i og med at det i dag berre er ein rømmingsveg, og galleriet er stengt for besøkjande.

Når ein no planlegg nye ovnar i kyrkja, er det mogleg å fjerne benkar utan at ein samtidig reduserer talet rørovnar og mister oppvarmingskapasitet.

Anne G Lien, Stein Hugo Fykse og Rune Ziener var på synfaring i Holmedal kyrkje 10. mars 2014, og vurderte interiørendringar.

**Skip framme**

Dei to fremste (korte) benkane er særst dårleg eigna til å bruke, då ein ikkje har sikt mot koret herfra. Den fremste benkeraden på begge sider fører til at det er dårleg plass i skipet sin framste del, og desse bør fjernast i tillegg.

Når orgelet framme i skipet er i bruk er det nesten ikkje passasje forbi benken.

**Skip under galleri**

I dag er det 4 benker på kvar side fram mot gallerisøylene. Her bør dei tre benkane fremst mot søylene fjernast, og ein beheld benk som står mot bakveggen. Fritt golvareal framfor bakre benk vert då om lag 225 x 420 cm, altså om lag 9 m<sup>2</sup>. Som situasjonsskissen viser kan ein her plassere barnekrok og hyller (på hjul) på eine sida og lysglobe på andre sida. Utan faste, nye element vert dette arealet fleksibelt, og ein kan nytte lause stolar på dette golvarealet ved evt. behov.

I tillegg til at ein "bryt opp" det visuelle ineriøret og får meir "luft" i bakre del av rommet, vil ein opne opp for betre plass til rullestolbrukarar, og foreldre med barnevogn får god plass bak i skipet, saman med barna i barnekroken.

Forslag til barnekrokinnreidning:	Pris
Lise - støydempende bord (120x80 cm)	2935
Marius stablestolar (6 stk.)	3834
Kvadrat reol (6-rom)	3594
Reoldør x 2	720
Skuffesett til reol (2 stk.)	2142
Reolhulleinnsats	338
Teppe	1300
<b>Sum</b>	<b>14863</b>

Farge- og materialval vert bordplate, reol og teppe i kvitt og grått som harmoniserer med veggfarge og putar i eksisterande benkar, og elles vil det vere bøkefarga element i møblene.

### Galleritrapp

På synfaringa vart mogleg trappeløysing frå galleri og ned i skipet på høgre side vurdert, men her bør bygningsfagleg kompetanse utarbeide eit forslag. Trappelysing vil ein kunne komme tilbake til, og ta på eit seinare tidspunkt, i og med at dette krev ein del budsjettmidlar.

### Kapasitet

Om ein tek bort 8 lange og 2 korte benkar, vil sjølvsagt sitjekapasiteten verte redusert, men det er framleis 14x2 benkar igjen, som rommar om lag 240 personar.

### Godkjenning

Biskopen i Bjørgvin skal godkjenne ineriørendringar på kyrkjebygg, og i og med at Holmedal kyrkje har vernestatus som listeført, har Riksantikvaren uttalerett før vedtak

### Vedlegg:

Arne E Sæther: Befaring i kirker i Askvoll kommune (19.11.2007)

Skisser: Situasjonsplan under galleri - eksisterande og ny løysing.

Foto, skip foran og bak

### INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd ønskjer slike interiørendringar for Holmedal kyrkje:

- a) Ein tek ut 8 lange benkar og 2 halve benkar frå kyrkja som det går fram av saksutgreiinga.
  - b) Ein etablerer ein barnekrok med bord, stolar og hyller (på hjul) i grå og kvit farge som harmonerer med veggfargar.
2. Søknad om endringane vert sendt Bjørgvin biskop for godkjenning.
3. Forslag til trappeløysing vert utarbeidd seinare av byggfagleg kompetanse.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd ønskjer slike interiørendringar for Holmedal kyrkje:

- a) Ein tek ut 8 lange benkar og 2 halve benkar frå kyrkja som det går fram av saksutgreiinga.
  - b) Ein etablerer ein barnekrok med bord, stolar og hyller (på hjul) i grå og kvit farge som harmonerer med veggfargar.
2. Søknad om endringane vert sendt Bjørgvin biskop for godkjenning.
3. Forslag til trappeløysing vert utarbeidd seinare av byggfagleg kompetanse.

### SAKSFRAMLEGG

#### Saknr: FR 2014/21 - Vedlikehalds- og utviklingsplan

#### UTGREIING

##### 1. Vedlikehalds- og utviklingsplan

For å sikre forutsigbarheit i økonomien til soknet, bør det liggje føre ein rullerande investeringsplan og vedlikehalds- og utviklingsplan som følgjer økonomiplan og budsjettvedtak.

Ein slik plan vil omfatte tiltak som vil variere frå år til år, og er såleis ikkje del av dei løpande, faste driftsutgiftene.

I samband budsjettvedtak for 2014 vart det ikkje sett opp ein konkret plan for driftsutgifter som normalt vil høyre heime på ei slik liste. Askvoll sokneråd bør vedta kva tiltak ein skal prioritere.

For teneste *Kyrkjer* er det budsjettert med til saman kr 170.000,- til vedlikehald/kjøp av utsyr og inventar som ikkje er konkretisert.

I tillegg har ein relativt mykje midlar i ulike disposisjonsfond (totalt kr 358.000,-) som ein kan nytte delar av innanfor dei

tiltenkte formåla.

Nedanfor er eit forslag til konkret tiltaksliste på vedlikehalds- og utviklingsplanen for 2014, og forlag til korleis tiltaka kan verte finansierte.

	Stip. Kostnad	Finansiering			
Vedlikehalds- og utviklingsbehov		Driftsmidlar	Fond k.lydsarb	Fond kyrkjeblad	Fond FR-midlar
Barnekrok Holmedal kyrkje	16000		-16000		
Reparasjonar Holmedal kyrkje	50000	-50000			
Overføring til investeringsrekneskapen	80000				-80000
Takreparasjon, Vilnes	50000	-50000			
Digitalt speilreflekskamera	5000			-5000	
Oppgradering, gravplassutstyr	40000	-40000			
Oppgradering brannsikring	5000	-5000			
Oppgradere trådløssystem, mikrofonar	20000	-20000			
Bandutstyr Askvoll kyrkje	30000		-30000		
	<b>296000</b>	<b>-165000</b>	<b>-46000</b>	<b>-5000</b>	<b>-80000</b>

Andre tiltak som ikkje er lagt inn med prioritering i år er:

Tiltak	Stip. Kostnad.
Innvendig galleritrapp, Holmedal kyrkje	100000
HC-tilkomst Holmedal kyrkje	50000/150000

## 2. Investeringsplan

Vidare må ein sjå ein slik plan i samanheng med investeringsplan.

Det er ikkje vedteke nokon særskilt investeringsplan for soknet.

Investeringsprosjekt som har starta opp i 2014 utanom budsjettvedtaket.

Dette gjeld sikring av Holmedal kyrkjegard mot Bakkeelva, som er sett i gong med garanti frå kommunen, og utviding av ramme for prosjektering av bygningstiltak på Kvammen kapell.

Det er vidare ført opp utkast til nødvendige investeringsprosjekt for dei kommande åra.

Investeringsplan	2014		2015		2016		2017	
	Kostna dslover slag	Finansi ering	Kostna dslover slag	Finansi ering	Kostnadsover erslag	Finansiering	Kostn- ring	Finansi ering

Tidlegare vedteke investeringar er ikkje med i oppsettet

<b>Sikring mot Bakkeelva</b>	1000	
Tilskot kommune		-100
Tilskot frå staten		-900
Kontrollsum	1000	-1000

<b>Restorasjon Kvammen kapell</b>	100		500	
Bruk av disp.fond		-80		
Overført frå drift		-20		
Investeringsstilskot - kommune				-500
Kontrollsum	100	-100	500	-500

<b>Orgel - Askvoll</b>					300/900	
Bruk av fond						-100
Investeringsstilskot - kommune						-200/-800
Kontrollsum					300/900	-300/-900

<b>Brannsikring - Vilnes</b>						1000	
Gåver/tilskot frå andre							-200
Investeringsstilskot - kommune							-800
Kontrollsum						1000	-1000

### 3. Bruk av disposisjonsfond 2014

I tillegg til tiltaksfinansiering under punkt 1. er det føreslege at ein nyttar heile resterande disp.fond for kyrkjebladet til å finansiere trykkekostnader i 2014.

Samla oversikt - bruk av disposisjonsfond 2014

Disposisjonsfond	IB 2014	Bruk 2014	UB 2014
Fellesrådmidlar	111 618	86000	25 618
Soknerådsmidlar	89 032		89 032
Kyrkjelydsarbeid	83 570	46000	37 570
Konfirmatarbeid	15 429		15 429
Diakoni	825		825
Barne- og ungdomsarbeid	3 707		3 707
Kyrkjelydsblad	54 134	54134	0
<b>SUM</b>	<b>358 315</b>	<b>186 134</b>	<b>172 181</b>

### INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd vedtek Vedlikehalds- og utviklingsplan for 2014 som den ligg føre i forslag frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd vedtek endringar i investeringsplan for 2014 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

3. Askvoll sokneråd nyttar kr 186.134,- av ulike disposisjonsfond i 2014 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
4. Kyrkjeverja innarbeider endringane i drifts- og investeringsbudsjett for 2014.

#### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek Vedlikehalds- og utviklingsplan for 2014 som den ligg føre i forslag frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd vedtek endringar i investeringsplan for 2014 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
3. Askvoll sokneråd nyttar kr 186.134,- av ulike disposisjonsfond i 2014 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
4. Kyrkjeverja innarbeider endringane i drifts- og investeringsbudsjett for 2014.

## SAKSFRAMLEGG

### Saknr: FR 2014/22 - Årsrekneskap og årsmelding 2013

#### UTGREIING

Etter *Forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd i Den norske kirke § 5-1*, pkt. 4, skal rådet sjølv vedta årsrekneskapen, og vedtaket skal angi disponering av mindreforbruket/dekking av meirforbruket.

Årsrekneskapen for Askvoll sokn er lagt fram. Totalt har ein eit mindreforbruk på kr 227.098,- Soknerådet står fritt til disponering av overskotet.

Det er førebels ei underfinansiering av interiørfornyinga av Askvoll kyrkje på ca. kr 221.000,- (i forhold til budsjett). Ein bør få dekkja inn noko av dette med andre inntekter (gåvemidlar etc.), men førebels kan ein budsjettere med å nytte mindreforbruket for drifta 2013 til dette føremålet. Resterande midlar kan nyttast til å redusere bruk av disposisjonsfond.

Ein vil då få slik budsjettendring:

Budsjettpost	Konto (T)	Innt. opp/utg. ned	Innt. ned/utg. opp
39300.200.04100.0	Bruk av tidl. års mindreforbruk	-227000	
35700.200.04200.0	Overføring til invest.rekneskap		221000
39400.200.04100.0	Bruk av ubunde fond		6000
SUM ENDR		-227000	227000

Kyrkjeverja har vidare utarbeidd forslag til årsmelding for 2013.

Årsrekneskap og årsmelding skal leggjast fram for revisor innan 1. mars etter rekneskapsåret (sjå økonomiforskrifta § 5-7, 1. ledd).

#### INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap for 2013 slik det ligg føre.
2. Askvoll sokneråd vedtek årsmelding for 2013 slik den ligg føre.

#### HANDSAMING I MØTET

I møtet vart det peikt på nokre feil og manglar i årsmeldinga.

#### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap for 2013 slik det ligg føre.
2. Askvoll sokneråd vedtek årsmelding for 2013 med dei korrigeringar som vart føreteke i møtet.

## SAKSFRAMLEGG

### Saksnr: SR 2014/23 - Retningslinjer for Askvoll sokn sin Facebookprofil

#### UTGREIING

Det er oppretta ein Facebookprofil for Askvoll sokn, som ledd i kommunikasjons- og profileringsarbeidet til soknerådet. Det bør vere ei viss regulering av bruken av desse sidene, slik at dei tilsette med administratorrettar har nokre retningslinjer for korleis ein skal nytte sida.

Kyrkjeverja har utarbeidd slikt forslag til retningslinjer:

#### Retningslinjer for Askvoll sokneråd sin facebook-profil

(Vedteke i Askvoll sokneråd, sak xx. DATO)

##### § 1 Formål

1. Facebook-profilen «Kyrkja i Askvoll» er Askvoll sokneråd sin offisielle facebook-profil.
2. Kyrkjeverja har det redaksjonelle ansvaret for profilen, og tildeler administratorrettar til andre, når dette vert vurdert som tenleg.
3. Facebook-profilen skal saman med andre av soknerådet sine informasjons- og kommunikasjonskanalar tene til å:
  - 3.1. Sikre optimal positiv merksemd rundt verksemda.
  - 3.2. Sikre merkebygging og omdømmebygging, ved at verksemda vert ein synleg samfunnsaktør lokalt.
  - 3.3. Sikre marknadsføring av- og informasjon om opne arrangement i regi av soknerådet, samt andre forhold som kan ha almen interesse.

##### § 2 Publisering av innlegg

1. Alle opne arrangement i regi av soknerådet skal publiserast på facebook-profilen. Så langt ein finn det tenleg bør ein også publisere reportasje i etterkant av arrangementet.
2. Alle invitasjonar påmeldingsskjema m.v. knytt til soknerådet si verksemd bør så langt som råd publiserast på profilen.
3. Andre nyhende vert publisert så langt ein finn det tenleg.
4. Krav til foto:
  - 4.1. Kopibeskytta materiale eller foto som andre har teke skal aldri nyttast utan samtykke frå fotograf/rettigheitshavar.
  - 4.2. Foto av publikum skal ein ikkje nytte utan samtykke. For foto av barn/ungdom under 18 år, krevst det samtykke frå føresette.
  - 4.3. Unntak her gruppefoto/avstandsfoto der ein ikkje kan identifisere enkeltpersonar, eller andre foto der avfotograferte personar ikkje kan identifiserast.
5. Krav til tekst:
  - 5.1. Tekstinnhaldet på facebook-profilen skal ha ein moderat språkform tilpassa organisasjonen sin eigenart som offentleg organ.
  - 5.2. Standard nynorsk skal nyttast, og ein skal unngå t.d. munnleg språkform og dialektord.
  - 5.3. Teikn-/symbolbruk skal vere moderat, t.d. at ein skal unngå utstrakt bruk av t.d. «smileys», ellisar og utropsteikn.

##### § 3 Handtering av innlegg frå andre

1. Når publikum stillar spørsmål på profilen skal desse besvarast så snart som råd. Svar skal ikkje signerast med namn, men ein svarar på vegne av organisasjonen, pålogga som administrator.
2. Administratorane skal aldri trykke «Likar-knappen» på publikum sine innlegg, og skal som hovudregel aldri kommentere andre sine innlegg.
3. Om det vert ytra feilaktige påstandar om verksemda eller om arrangement i regi av verksemda, skal dette kommenterast av moderator for å korrigere feilaktige påstandar.
4. Profilen sine administratorar skal sjå til at evt. krenkande, injurierande, rasistiske ytringar m.v. eller usømelege språkbruk som publikum skriv på profilen vert fjerna så snart som råd.
5. Kyrkjeverja tek avgjerd i vurderingar som gjeld pkt. 3 eller 4 i denne paragrafen.

##### § 4 Endringar i reglementet

1. Askvoll sokneråd har vedtaksmynde for endringar i retningslinjene.



**INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA**

1. Askvoll sokneråd vedtek retningslinjer for Facebookprofilen slik det går fram av forslaget frå kyrkjeverja.

**HANDSAMING I MØTET**

Kyrkjeverja la fram ei korrigering i § 2-4 pkt 1 og Jorunn Ringstad peika på feil internreferanse i § 3-5.

**SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek retningslinjer for Facebookprofilen slik det går fram av forslaget frå kyrkjeverja med dei korrigeringar som vart føreteke i møtet. (Korrigeringane er innarbeidd i reglementoppsett i utgreiinga.)